



3 Haugland-søsken, svigerson og Kurt Haugland etter deltaking i Kvinnheradløpet

**Ein av dei mest aktive idrettsfamiliane i Uskedalen, familien Haugland, er ikkje snauare enn at dei stillar med 6 i Oslo maraton i morgon. Det er ny rekord, for tidlegare har det stoppa på 5. Men no har yngstemann Johannes passert 15 år og dermed har også han lov til å delta. Alle er med i halvmaraton, som har 9000 av dei til saman 23 000 deltakarane. Startskotet smell klokka 13.30**

Dei som stillar er Lars Haugland (bur i Uskedalen), Ingebjørg Haugland (dotter til Lars), Johannes (son til Lars), Marit Elise Haugland (syster til Lars, bur i Sandnes), Solbjørg Eikeland (syster til Lars, bur i Sandnes) og Geir Eikeland (gift med Solbjørg, bur i Sandnes).

Lars er nærmast veteran i Oslo maraton, han var med allereie på 1990-talet då denne tevlinga hadde si fyrste glanstid. Sidan har det gått litt i rykk og napp med oppslutnaden. Då vi traff han på telefon i ein hovudstad i sol i kveld var spørsmålet:

- Kva er målsetjinga, er det å havne midt i køen?
- Ånei, det er heller å komma velberga i mål, var det nøkterne svaret.

Lars opplyser også at det er god deltaking også av andre frå Kvinnherad, mellom andre familien Bauge. Om 2 veker er Kvinnheradløpet og det er grunn til å tru at familien Haugland stillar mannsterkt (eller kvinnesterkt) opp der og.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen